

## Høyringsdokument skolestruktur, Driftstilpassing 2008-2011

Som tilbakemelding på høyringsdokumentet, ønskjer vi å kommentere følgjande:

- Reinli skule har vore "sultefôra" med ressursar dei siste åra. Det har aldri vore så få lærartimar til å dele gruppene med. Det er krevjande å ha fleire årstrinn som arbeider på ulike nivå i same gruppa når ein nesten aldri kan få delt opp i mindre grupper. Vi vil understreke at måla og kvaliteten på undervisninga og det faglege utbyttet er vanskeleg å oppnå med så små ressursar som skulen har hatt og har. Dersom det ikkje blir samanslåing av skulane, må ressursane til skulen aukast betrakteleg.
- Det virker ganske kortsiktig når ein ikkje tenkjer på heile kommunen før ein gjer vedtak om skulestruktur. Dersom Begnadalen skulekrets også vil bli lagt til Bagn skule, vil ein kunne spare ein del utgifter ved å gjere ein større byggjeprosess i eitt trinn framfor å gjere ei lita utbygging no og litt meir seinare. Det vil og skape mindre usikkerhet om framtida både for elevar, foreldre og tilsette.
- Vi har tidlegare uttalt at vi på Reinli skule i heile prosessen har følt "nedleggingsspøkelset" over oss. Vi synes det er riktig at ein så omfattande strukturendring i kommunen bør føre til at alle skular og bygder er med og tek sitt ansvar for økonomien i kommunen vår.
- Om få år har dei store elevkulla i Hedalen gått ut av barnesteget. Begnadalen og Hedalen vil då bli to nesten like små barneskular. Det er vanskeleg å forstå kvifor det ikkje kan gå an å slå saman desse skulane.
- Vedtaket i kommunestyret seier at Bagn skule skal vere opprusta og utbygd klar til å ta imot elevane frå Reinli. Oppvekstgruppa foreslo 5 grupperom, mens det berre er 4 grupperom som er planlagt utbygd. Vi forventar at det 5. grupperommet også blir utbygd sidan erfaringane i prosessen så langt viser at det blir trangt for alle dei nærmaste åra, til tross for denne vesle utbygginga. Det er vanskeleg å sjå at berre fem grupperom er ei tilstrekkeleg utbygging. Skulen er til for elevane og skal gje dei eit godt læringsmiljø slik at dei kan gå godt nok rusta ut av skulen. Teikningane av utbygginga er ikkje lagt ved.
- Uteområdet rundt skulen er vel snart i minste laget for dei 154 elevane som er tenkt dit til neste skuleår. Dersom det finst nasjonale standardar for utearealet, bør ein ta omsyn til dette.
- Dei tilsette ved Reinli skule skal bruke mykje av den bundne tida til sortering og rydding. Det kan bli vanskeleg å bruke for mykje bunden tid til å rydde og kaste mens skulen er i gang. Mesteparten av den bundne tida er sett av til møter og samarbeid mellom lærarar og assistentar. Vårt forslag er å få ein container ståande ved skulen slik at vi kan bruke tid innimellom til å rydde og kaste, t.d. tid vi får om elevar er sjuke eller det er felles aktivitetar som ikkje alle tilsette treng å vere med på.

- Dersom det blir lagt opp til at det eine kunst og handverksrommet på Bagn skule skal brukast til klasseundervisning, krev det at meir av kunst og handverksundervisninga skjer i dei vanlege klasseromma som då vil trenge enda meir plass til lagring av utstyr.
- Dersom det blir delt av eit møterom der det i dag står datamaskiner/læremidler, vil ein berre forskyve problematikken med lagerplass til utstyret ved skulen. Det er som kjent allereie i dag eit problem med oppbevaring av utstyr.
- Assistentressursen det er lagt opp til, er ikkje overens med det rektorane og dei tillitsvalde på skulane har kome fram til gjennom eit felles budsjettmøte 16.12.09. Sjå referat frå møtet.
- I dei siste månadene før samanslåinga er det viktig at det blir satt av pengar til transport av elevane mellom Reinli og Bagn for å utvikle det positive samarbeidet vi har starta på. Det er like viktig at elevane på Bagn får komme på besøk til Reinli og bli kjende med dei områda som elevane våre reiser frå, som det er at elevane våre skal komme ned til dei skulelokala som dei skal bruke framover.
- Vi vil understreke det viktige i at dei tilsette må få tid til å få samordna dei ulike kulturane ved arbeidsplassane. Det er viktig at dei sterke sidene ved arbeidsmiljøet ved Reinli skule får lov til å fortsetje å utvikle seg vidare saman med dei nye kollegaene.
- Vi meiner det er viktig at dei tilsette snarast mogeleg får vite om dei har utsikter til jobb frå neste skuleår, og kvar dei vil få arbeidsplassen sin. Det er kvart år nokre endringar som kjem heilt på tampen av skuleåret, men det er ingen grunn til at ikkje fleirtalet av dei tilsette kan få vite kvar arbeidsplassen deira blir neste skuleår. Usikkerhet er vondt å leve med. Dei foreløpige tala viser at det er 2,34 stillingar som er overtallige i kommunen. Det burde difor ikkje vere grunnlag for at mange går våren i møte utan å vite kvar dei skal arbeide neste skuleår.
- Vi vil støtte alternativet med tilkøyringsbuss frå Stavadalen slik at elevane får kortast mogeleg reisetid til skulen. Vi reknar med at dei elevane som har kortare enn 2/ 4 km skuleveg vil få innvilga dette som enkeltvedtak utan problem då vegen er utan fortau/gangveg og dermed trafikkfarleg.

---

Bjørg Ingrid Brenno  
Rektor Reinli skule

---

Ragnhild Kvale  
Tillitsvald Fagforbundet

---

Gunhild Vegstein Leite  
tillitsvald Utdanningsforbundet